

Kalkdoseraren med mellombels driftsstopp.

04.10.2014



Det er ut frå ei fagleg vurdering lagt inn mellombels driftsstopp på Kalkstasjonen i Uskedalen

**Det er lagt inn mellombels stopp av kalkdoseraren på Haugland i Uskedalen.  
Tilsynsmann, Kåre Vetrhus, fortel til [uskedalen.no](http://uskedalen.no) at dette er gjort ut frå ei fagleg vurdering frå  
Fylkesmannen si miljørådsavdeling.**

Avgjerda må ikkje koplast opp til drifta av det lokale elveeigarlaget. Vi gjer dette klart fordi nokre har spurt og vil vita kvifor Kalkstasjonen ikkje er i drift.

Det same kan seiast om fråver av årleg kalking med helikopter. Fylkesmannen har dei to siste åra sagt nei til kalking.

Etter sterk oppmoding frå Uskedalen vart det likevel kalka i 2013. Det er ikkje løyvd midlar til kalking i 2014.

Etter det vi kjenner til, vil Kalkstasjonen vera i drift att frå neste år.

Tekst/foto: Kristian Olav Bringedal

Nett: Thor Inge Døssland